

Årsmelding samhandling 2023

SAMHANDLINGSSJEF DAGRUN KYRKJEBØ, HELSE FØRDE HF

Innhold

Innleiring	2
Oppretting av seksjon for samhandling.....	3
Samhandlingslegeordninga	3
Regionalt møte, samhandling	3
Vertskommunemøter.....	4
Sogn og Fjordane helsefellesskap	4
Oppfølging av strategi.....	5
Oppfølging av handlingsplan.....	6
Revisjon av avtaleporteføljen	6
Oppfølging av eksisterande avtalar og samarbeid.....	6
Arrangement.....	7
Nasjonalt nettverk for helsefellesskap.....	8
Nettverkssamling rekruttering, kompetanse og samhandling	8
Samhandlingsbarometeret	8
Risikoområde intern samhandling	9
Avsluttande kommentarar.....	10

INNLEIING

Årsmeldinga er utarbeidd for føretaksleininga i Helse Førde HF og syner kva som har vore arbeidd med innan samhandlingsfeltet i vårt føretak, i Sogn og Fjordane helsefellesskap og på regionalt og nasjonalt nivå sett frå Helse Førde sin ståstad.

Aktiviteten innanfor samhandlingsfeltet er stor og vi har gjennom 2023 hatt stort engasjement rundt samhandlingsaktivitetar – noko som vi tek med oss over i 2024.

To store endringar i 2023 er oppretting av seksjon for Samhandling i fag- og utviklingsavdelinga og endring i praksiskonsulentordninga. Dette blir omtala seinare i årsmeldinga.

Hovudmålet i 2023 har vore å kome i gang med konkret arbeid og aktivitetar som skal forbetre samhandlingsarbeidet i regionen vår. [Sogn og Fjordane helsefellesskap](#) har no funne si form og held fram med dei etablerte samhandlingsarenaene [fagleg samarbeidsutval](#), [strategisk samarbeidsutval](#) og [partnarskapsmøtet](#). Saker helsefellesskapet har arbeidd med i 2023 er overordna strategi, handlingsplan med konkrete tiltak, ferdigstilling og digital signering av overordna samarbeidsavtale, revisjon av delavtalar, gjennomføring av erfaringskonferanse somatikk med skrøpelege eldre som tema.

Det går føre seg mykje arbeid innanfor samhandlingsfeltet både internt i helseføretaket og eksternt mot enkeltkommunar. Nokre slike døme vert presentert seinare i årsmeldinga.



OPPRETTING AV SEKSJON FOR SAMHANDLING

I februar 2023 starta arbeidet med å opprette ein seksjon for Samhandling i Fag og utviklingsavdelinga, og 5. mai 2023 gjorde administrerande direktør vedtak om å opprette den nye seksjonen. Det har vore ønskeleg å gjere arbeidet innanfor samhandlingsfeltet meir tydeleg i Helse Førde, og meir lik dei andre føretaka i Helse Vest, som allereie har eigne seksjonar for samhandling,

Samhandlingssjef leiar seksjonen og praksiskonsulentane (samhandlingslegar som er kommune-/fastlegar og har deltidsstilling i Helse Førde), koordinerande eining med rådgjevar i 50% stilling samt koordinering av arbeidet med brukarutvalet er lagt til seksjonen.

I tillegg til å synleggjere samhandlingsfeltet betre, avlastar den nye seksjon for Samhandling direktør for Fag og utviklingsavdelinga med leiaroppgåver og fleire administrative oppgåver. Arbeidet med samhandling eksternt og internt er tett knytt til forankring med vedtak i føretaksleiinga, og eit tett og godt samarbeid mot leiinga er difor svært viktig.

SAMHANDLINGSLEGEORDNINGA

Helse Førde har sidan 2007 hatt praksiskonsulentar tilsett i føretaket. Ordninga er eit nasjonalt nettverk av allmennpraktiserande legar som skal medverke til å legge til rette for auka samhandling og koordinering mellom fastlegane og spesialisthelsetenesta. Ordninga er viktig for å styrke samhandlinga, og skal primært ha fokus på samspelet mellom fastlegane og sjukehusa.

Det vart i 2023 inngått ny "Rammeavtale mellom de regionale helseforetakene og Den norske legeforening om samarbeid mellom spesialisthelsetjenesten og fastleger" gjeldande frå 01.01.24. Her er tittelen på praksiskonsulentar endra til samhandlingslege. I Helse Førde har vi valt å kalle ordninga for "Samhandlingslegeordninga". Helse Førde har i 2023 hatt to stillinger for samhandlingslege i hhv. 20% og 30% stilling. Til den største stillinga ligg det også leiaroppgåver for samhandlingslegane. Tidlegare har Helse Førde hatt praksiskonsulentar/samhandlingslegar i opptil 70% stilling fordelt på tre personar som har hatt ansvar for Nordfjord, Sogn og Sunnfjord. Til stillinga i Sogn har det ikkje lukkast å rekruttere ny samhandlingslege slik at denne 20% stillinga no står vakant. Oppgåvene knytt til Sogn vert handtert av dei to samhandlingslegane som er tilsett i seksjonen.

REGIONALT MØTE, SAMHANDLING

Helse Vest fasiliterer eit regionalt møtepunkt for samhandlingsfeltet der samhandlingssjefane deltek saman med rådgjevarar frå Helse Vest og assisterande fagdirektør i Helse Vest. Dette regionale møtet har digitale treffpunkt ein gong pr månad. I tillegg blir det lagt opp til eitt til to fysiske møter i løpet av året, stort sett lagt til Flesland.

Det regionale møtepunktet arbeider med saker som er av felles interesse for alle føretaka og alle samhandlingsseksjonane. Døme på aktuelle saker er oppfølging av styringsdokument og saker/oppdrag som vedkjem samhandling, digitalt system for samhandlingsavvik, referansegruppe for Helse Vest-prosjektet koordinator i spesialisthelsetenesta, samarbeid mellom koordinerande einingar i dei ulike føretaka, digital samhandling mellom kommunane og helseføretak, oppfølging av helsefellesskapsmodellen og mykje meir.

VERTSKOMMUNEMØTER

Det er viktig for Helse Førde å ha eit godt samarbeid med alle kommunane i vårt område. Helse Førde har i tillegg til dei faste møtepunkta i helsefellesskapsstrukturen mellom anna faste møte med vertskommunane der dei største institusjonar våre er lokaliserte. I løpet av 2023 har vi hatt møte etter avtale med Stad, Sunnfjord, Sogndal, Høyanger og Lærdal. Det er lagt opp til to møte i året med kvar av vertskommunane, der det eine møtet vert arrangert av Helse Førde medan det andre vert arrangert av vertskommunen. Vertskommunemøta er ein god arena for å diskutere saker som er viktige både for føretaket og for kommunen. Møta vert opplevd som nyttige for begge partar, og gir oss høve til å diskutere spørsmål knytt til areal, trafikkavklaringar ved og rundt Helse Førde sine institusjonar, samarbeid rundt personell og kompetanse og velferdstilbod som t.d. bustader, barnehage, kollektivtilbod mm.

SOGN OG FJORDANE HELSEFELLESSKAP

Etter etablering av Sogn og Fjordane helsefellesskap hausten 2021 har samarbeidet mellom partnarane på mange måtar funne si form. Noko av arbeidet føl eit system som er mykje likt korleis helseføretak og kommunar samarbeidde før helsefellesskapsmodellen vart innført, mens noko samarbeid føl litt andre strukturar enn tidlegare.

Helsefellesskapet har gjennomført planlagd møteserie i år med fire møter i [fagleg samarbeidsutval](#) (FSU) og tre møter i [strategisk samarbeidsutval](#) (SSU). Partnarskapsmøtet vart arrangert i mars med kompetanse- og rekrutteringsutfordringar som tema.

Møta har hovudsakleg vorte gjennomførte fysisk.

Møteserie Sogn og Fjordane helsefellesskap 2023

Arrangør

FSU

SSU

Partnarskapsmøte

Helse Førde/Kommunane	25. januar Sogndal kommune, Sogndal	16. februar Digitalt	
Helse Førde/Kommunane	27. april Sunnfjord kommune, Førde	31. mai Avlyst	3. mars Førde
Helse Førde/Kommunane	14. september FSS	20. oktober Askvoll kommune, Askvoll	
Helse Førde/Kommunane	15. november FSS	21. desember Digitalt	

OPPFØLGING AV STRATEGI

I 2023 har helsefellesskapet hatt fokus på å følge opp [overordna strategi](#) med tilhøyrande handlingsplan. Dette har vore tilbakevendande tema på møta i SSU og FSU gjennom året. Spesielt har området kompetanse og rekruttering fått stor merksemd. Våren 2023 var dette tema for partnarskapsmøtet og der fekk deltakarane ein presentasjon av hovudpunktene frå NOU 2023:4 [«Tid for handling – Personellet i en berekraftig helse- og omsorgstjeneste»](#) av medlem i helsepersonellkommisjonen og prorektor for utdanning ved HVL, Anne-Grethe Naustdal (på biletet). I FSU sine møte har fokus vore på oppfølging av handlingsplan og oppstart/gjennomføring av konkrete tiltak.



OPPFØLGING AV HANDLINGSPLAN

Hausten 2023 vart det gjort vedtak i FSU om etablering av to arbeidsgrupper som skal arbeide med problemstillingar innanfor to av dei fire prioriterte pasientgruppene:

- Fagleg samarbeidsutval ber om at det vert nedsett ei arbeidsgruppe med representantar frå Helse Førde og kommunane som skal følgje opp innspela frå erfaringskonferansen 2023, og arbeider fram eit framlegg til val av felles funksjonskartleggingsverktøy for pasientgruppa skrøpelege eldre.
- Fagleg samarbeidsutval ber om at det vert nedsett ei arbeidsgruppe med representantar frå Helse Førde og kommunane som startar arbeidet med å utarbeide samhandlingsrutinar knytt til utgreiing av ADHD hos barn og unge.

Godkjenning av mandat for gruppene vil skje i første FSU-møte 2024 med påfølgande oppnemning av deltakarar.

REVISJON AV AVTALEPORTEFØLJEN

Partnarane er etter helse- og omsorgstenestelova § 6-1 mfl. og spesialisthelsetenestelova § 2-1e, 2. ledd, pålagt å inngå samarbeidsavtalar. [Overordna samarbeidsavtale](#) mellom Helse Førde HF og kommunane i opptaksområdet vart signert i 2022.

[Avtaleutvalet](#) held fram med arbeidet sitt. Del- og særavtalane skal vere konkrete og detaljerte, m.a. om konkrete pasientforløp, ansvars- og rolledeeling, partnarane sitt informasjons- og rettleatingsansvar, finansiering, organisering med meir. Det har vore avhalde tre møte i utvalet i 2023. To delavtaler er ferdig reviderte og signerte av partnarane ([delavtale smittevern](#) og [delavtale partnarane sitt felles ansvar for helse- og omsorgsoppgåver](#)).

- Tre del- og samarbeidsavtalar som regulerer samarbeid i nettverk er omgjort frå avtaler til mandat der nettverka blir oppretta, nedlagte og kan rapportere til FSU i helsefellesskapet.
- Delavtale svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga er også ferdig revidert og er no ute på gjennomsyn hos alle partnarane før signering.
- Delavtale samarbeid om den akuttmedisinske kjeden er under revisjon i akuttmedisinsk samhandlingsforum. Forumet skal levere utkast til avtale i mai 2024.
- To arbeidsgrupper er i oppstart på revisjonsarbeid no, dette gjeld delavtale tilvising, innlegging og utskriving frå spesialisthelsetenesta (somatikk og PHV) og delavtale beredskap.

OPPFØLGING AV EKSISTERANDE AVTALAR OG SAMARBEID

Samarbeidet mellom Helse Førde og kommunar som tilbyr kommunalt øyeblikkeleg hjelp døgntilbod (ØHD-tilbod) er regulert gjennom delavtale «[Kommunalt tilbod om øyeblikkeleg hjelp døgntilbod](#)» i tillegg til særavtalar med den enkelte kommune. Det skal årleg gjennomførast driftsgruppemøte

mellan kommunen som tilbyr kommunalt ØHD-tilbod og Helse Førde. Dette arbeidet har ikkje vore aktivt under pandemien og det var difor viktig å kome i gang att med møter i driftsgruppene.

Driftsgruppa består av helsefaglege representantar frå kommunen med ansvar for ØHD-tilboden og tre deltagarar frå Helse Førde.

Frå Helse Førde deltek:

- klinikkdirektør medisinsk klinikk
- fagdirektør
- samhandlingssjef/stadleg leiar

I 2023 vart det gjennomført driftsgruppemøte med Stad, Lærdal, Vik og Luster kommunar i tillegg til møte med SYS IKL. Kommunane seier seg i hovudsak nøgde med bruken av ØHD-tilboden. Nokre kommunar ser føre seg ei auke i tal innleggingar i åra framover både pga. aukande behov for denne typen tenester, og fordi tilboden vert betre kjend i kommunen. Andre kommunar ønskjer hovudsakleg at pasientane skal vere i eigen heim så lenge som mogleg og ønskjer difor å utsette innleggingar så lenge som det er forsvarleg.

Vi arbeider med å få på plass ein god struktur slik at dei årlege møtepunkta vert godt etablerte. Pr i dag er det vanskeleg å få til faste møter kvart år med dei ulike ØHD-tilboda.

ARRANGEMENT

Erfaringskonferansen 2023 – skrøpelege eldre



som jobbar innanfor samhandlingsfeltet, leiarar og brukarorganisasjonar.

8. og 9. juni vart det arrangert erfaringskonferanse somatikk der temaet var skrøpelege eldre. Arrangementet fann stad på Thon Hotel Jølster. Konferansen hadde som målsetting å sette søkelys på ei av dei fire prioriterte pasientgruppene, denne gongen skrøpelege eldre. Deltakarane fekk høve til å dele erfaringar, påverke framtidig arbeid med pasientgruppa i helsefellesskapet, samt å bygge viktige relasjonar og nettverk på tvers av organisasjonane. Konferansen hadde om lag 120 deltagarar og målgruppa var tilsette

Erfaringskonferanse psykisk helse og rusarbeid skal arrangerast våren 2024. Programkomiteen er nedsett og planleggingsarbeidet er starta.

NASJONALT NETTVERK FOR HELSEFELLESSKAP

Det er etablert eit [nasjonalt erfaringsnettverk](#) for dei 19 helsefellesskapa i Norge, drifta av Helsedirektoratet. Her deltek Sogn og Fjordane helsefellesskap med to deltakrarar; samhandlingskoordinator frå kommunal side og samhandlingssjef frå Helse Førde.

I 2023 har det vorte arrangert tre digitale møte i nettverket der det er lagt vekt på erfaringsdeling mellom helsefellesskapa. I 2024 er det planlagt for ei fysisk kick off-samling i samband med lansering av Nasjonal helse- og samhandlingsplan.

NETTVERKSSAMLING REKRUTTERING, KOMPETANSE OG SAMHANDLING

Hausten 2023 tok kommunane ved kommunedirektørane i Kinn og Sunnfjord kommunar initiativ til å starte arbeid med ei nettverkssamling i helsefellesskapet. Oppstart av prosjektet vart vedteke i SSU 21.12.23. Nettverkssamlinga skal vere ein møtestad der strategisk leiing i kommunane og Helse Førde møtast med fokus på følgande tre tema:

1. Rekruttering og kompetanse av helsepersonell til kommunane og føretaket. Samarbeid om tiltak og gjennomført kartlegging av situasjonen
2. Samhandling mellom kommunane og føretaket. Korleis gjennomføre heilskaplege pasientforløp og kva er erfaringane vi har gjort oss i lag?
3. Langsiktig og strategisk planlegging for å møte demografiutfordringane

For å gjennomføre ei slik nettverkssamling er det behov for å gjere eit forarbeid for å kartlegge status kring desse områda på kommunal side og på føretakssida. Dette er eit arbeid som kommunane og helseføretaket må gjere saman, men for å sikre god framdrift er det ønske om noko konsulentstøtte. PwC har tatt på seg dette oppdraget og Kinn kommune står ansvarlege for innkjøp av konsulenttenesta.

SAMHANDLINGSBAROMETERET

Arbeidet i Sogn og Fjordane helsefellesskap, og innanfor samhandling generelt, skal skje ut i frå eit så godt kunnskapsgrunnlag som mogleg. Det er då behov for data heilt ned på kommunenivå som både kommunane og sjukehusa kan kjenne seg att i og er samde om.

[Samhandlingsbarometeret](#) publiserer data for heile landet som er særleg tilrettelagt for samhandlingsområdet, og for dei fire prioriterte pasientgruppene som helsefellesskapa skal jobbe særskilt med. Helsedirektoratet har utarbeidd definisjonar for desse pasientgruppene, og Samhandlingsbarometeret skal nytte desse for data som blir gjort tilgjengeleg i basen. Det er etablert

tett samarbeid mellom barometeret og helsedirektoratet i dette arbeidet, samt med data og analysemiljøa i dei fire regionale helseføretaka i landet.

I 2023 vart det etablert ei faggruppe som skal gje innspel til og synspunkt på kva data det er behov for og som Samhandlingsbarometeret bør gjere tilgjengeleg på samhandlingsområdet generelt, men særleg inn mot helsefellesskapa. Faggruppa var med å ga innspel til rapporten Samhandlingsbarometeret publiserte i desember 2023: [STATUS OG UTVIKLINGSTREKK FOR SOGN OG FJORDANE HELSEFELLESSKAP](#)

RISIKOOMRÅDE INTERN SAMHANDLING

Gode pasientforløp mellom Helse Førde og kommunane er eit kontinuerleg fokus i samarbeidet. I Helse Førde ser vi også på den interne samhandlinga, og vi har peika ut intern samhandling mellom avdelingar / lokasjonar i Helse Førde som eitt av tre særlege risikoområde i tillegg til dei fem risikostyringsområda som er felles for føretaka i Helse Vest. Intern samhandling er mellom anna viktig for å arbeide for gjennomgåande pasientforløp, fungerande kontaktlegeordning og god samhandling mellom somatikk og psykisk helse. Erfaringa så langt tilseier at Helse Førde har forbettingspotensiale på desse områda.

I Helse Førde skjer pasientbehandlinga i hovudsak på seksjonsnivå. Risikoar kan oppstå når eit pasientforløp involverer fleire seksjonar/avdelingar/klinikkar, sidan det då oppstår behov for koordinering og samhandling mellom dei ulike aktørane. Frå eit pasientperspektiv er det snakk om flyt i pasientforløpet, medan det for helsepersonell er snakk om intern samhandling. Svikt i koordinering og samhandling kan føre til overforbruk av helsetenester, mindre verksame helsetenester og pasientskadar.

Prosjekt risikoområde intern samhandling skal avdekke dei største risikoane som hindrar god flyt i pasientforløp/intern samhandling, identifisere risikoreduserande tiltak, og gje tilrådingar om korleis tiltaka kan implementerast. Prosjektet vert gjennomført i to fasar. I første fase vart det gjort ei kartlegging av risikobiletet der dei største risikoane vart identifiserte og det er gjennomført ei forenkla risikovurdering. I andre fase vert det gjennomført strategisk risikovurdering av utvalde risikoar. Basert på informasjonen som kom fram i arbeidet vart det identifisert fire kategoriar som opplysningsane kunne sorterast under: ulik fagforståing av situasjonen, manglande interne rutinar eller manglande etterleving av interne rutinar, manglande eller uklar forståing av eiga rolle i tverrfagleg arbeid og siste kategori, konflikthierarki der ein i arbeidet har avdekkat motstridande interesser mellom faggrupper eller avdelingar kan føre til eit konflikthierarki.

Vidare arbeid vil handle om tiltak for å redusere risiko knytt til «Manglande interne rutinar eller manglande etterleving av interne rutinar». Aktuelle tiltak ein må sjå nærmare på kan vere arbeid med EK-handbok og korleis ein kan forenkle oppsett og strukturering der for å gjøre den meir brukarvenleg, gjennomgang og rydding i prosedyrar til dømes der det er ulike/overlappande, systematisk bruk av debriefing etter situasjonar der det har vore svikt i den interne samhandlinga, for å nemne noko. Arbeidet har vorte svært forsinka pga. sjukmeldingar i arbeidsgruppa, og vil halde fram i 2024.

AVSLUTTANDE KOMMENTARAR

Sogn og Fjordane helsefellesskap har etter kvart funne si form og vi som arbeider med samhandling ser at stadig fleire kjenner til helsefellesskapet. Likevel treng vi framleis å jobbe meir med å gjere dei ulike samhandlingsarenaene kjent for tilsette i helseføretaket. Dette arbeidet vil halde fram i 2024.

Den utfordrande økonomiske situasjonen både i føretaket og i kommunane vi samarbeider med er med på å farge arbeidet i samhandlingsfeltet ved at vi saman må prioritere strengt kva vi har kapasitet og økonomi til å arrangere og arbeide med. Dette vil truleg påverke arbeidet også framover.